

**Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 17/2010**

***Gransking av arbeidet med utarbeiding av  
gards- og ættesoge for Sandøy kommune***



September 2010

Forvaltningsrevisjon Sandøy  
kommune

---

## FORORD

Sandøy kontrollutval gjorde i sak 02/10: Gards- og ættesoge, slikt vedtak:

*Kontrollutvalet tingar ei gransking utført av kommunerevisjonen med levering 1. september 2010 i samsvar med mandat gitt av Sandøy kommunestyre i sak 10/7 i møte 24.02.2010.*

Det vart halde oppstartmøte for prosjektet med rådmannen den 18.06 2010. Tilstades var også leiar for kulturelle tenester i Sandøy kommune.

Eit utkast til rapport vart sendt til rådmannen for uttale den 11.08.2010. Rådmannen ga sitt tilsvaret i brev datert 03.09.2010 (vedlagt). Hovudforfattar har også gitt ein uttale datert 25.08.2010, med kommentarar som har medført einskilde endringar i rapporten.

Før endeleg ferdigstilling av rapporten har det vorte arbeidd med å få ei juridisk avklaring av tilhøva rundt opphavsrett og eigedomsretten til kjeldemateriale som er innsamla, samanstillingar av kjelder, samt tekstar som er framstilt i form av manusutkast. Revisjonen har mellom anna vore i kontakt med KS-advokatane i saka. Dette har synt at problemstillinga rundt eigedoms-/opphavsrett er meir kompleks og krevjande enn først trudd. Etter ei totalvurdering er difor ambisjonen om å kunne konkludere i spørsmålet om den juridiske avklaringa teke ut av rapporten. Dersom Sandøy kontrollutval/-kommunestyre likevel skulle be om at det vert gjort ei konkluderande utgreiing av spørsmålet, kan dette gjerast på eit seinare tidspunkt.

Som ledd i arbeidet har personar i sokenemnda og administrasjonen vorte kontakta. Vi vil takke desse for all velvilje.

Ålesund, 21. september 2010

Kjetil Bjørnsen  
dagleg leiar

Jens Sæter  
revisjonsrådgjevar



## INNHALD

1. Innleiing .....	7
1.1 Heimel for forvaltningsrevisjon.....	7
1.2 Bakgrunn.....	7
1.2.1 Seinare politisk handsaming.....	9
1.3 Føremål.....	9
1.4 Avgrensing.....	9
1.5 Problemstillingar.....	10
2. Metode.....	11
2.1 Standard for forvaltningsrevisjon.....	11
2.2 Datagrunnlag.....	11
3. Revisjonskriterium .....	13
3.1 Kriterium for å vurdere ansvar .....	13
3.1.1 Prinsipp for god prosjektstyring .....	13
3.2 Kriterium for å vurdere budsjettstyring og økonomisk rapportering ....	14
4. Faktaskildring .....	15
4.1 Historie .....	15
4.2 Vedtaksgrunnlag frå 1999-2001.....	16
4.3 Utviklinga av prosjektet.....	18
4.3.1 Utviding av talet på band.....	19
4.4 Rapportering undervegs.....	20
4.4.1 Omtale av prosjektet i rådmannen sine årsmeldingar .....	21
4.5 Budsjett og rekneskap 2000-2009 .....	23
5. Revisjonen sine vurderingar .....	25
5.1 Vedtaksgrunnlag og organisering av prosjektet .....	25
5.1.1 Sogenemnda sin funksjon og ansvar .....	26
5.1.2 Rådmannen sitt ansvar .....	26
5.2 Rapportering.....	27
5.3 Organisering og styring .....	27
5.4 Råderett over bokverket.....	28
6. Oppsummering og konklusjon.....	31

6.1	Problemstillingane i prosjektet .....	31
6.2	Oppsummering og vegen vidare .....	34
	Vedlegg: Tilsvar frå rådmannen .....	35

# 1. Innleiing

## 1.1 Heimel for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 77 nr. 4 pålegg kontrollutvalet å sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunane. Forvaltningsrevisjon inneber mellom anna systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Ansvar for bestilling og oppfølging er i lova lagt til kontrollutvalet. Dette prosjektet vart bestilt i kontrollutvalsmøte 24.02.10.

## 1.2 Bakgrunn

Sandøy kontrollutval handsama sak 15/08: Orientering om økonomi og framdrift vedkomande gards- og ættesoge, den 11.12.08, og gjorde slikt vedtak:

*Det bør utarbeidast ein framdriftsplan, kostnadsoverslag og finansieringsplan for prosjektet som blir førelagt kommunestyret til behandling. Også prosjektleiing bør det takast stilling til.*

Saka vart følgt opp av rådmannen i PS 09/4, handsama i Sandøy kommunestyre den 18.02.2009. Det vart i saksutgreiinga synt til presentasjon for kommunestyret den 29.10.2008. Kommunestyret fatta slikt samrøystes vedtak i PS 09/4:

- 1. Prosjektet med gards- og ættesoge for Sandøy kommune held fram i si noverande form, med Randi Kristin Strand som hovudforfattar og Anne Huse som medforfattar.*
- 2. For å sikre framdrift og samarbeid, blir leiar for kulturelle tenester koordinator og administrativ leiar for prosjektet. Sogenemnda si rolle blir som tidlegare.*
- 3. Det økonomiske grunnlaget blir som framstilt i saksopplysningane.*
- 4. Utgjeving av bokverket har følgjande målsetjingar: Band nr. 1, som skal innehalde gardsnr. 1 – 6, seinhausten 2010. Vidare band 2 som omfattar gardsnr. 7 - 11 i 2012 og endeleg band 3 med gardsnr. 12 - 15 i 2014.*

I samband med Sandøy kommunestyre si handsaming av PS 09/49: Handlingsplan 2010, den 9.12.2009, vart det gjort vedtak om følgjande tilleggsframlegg:

*Sandøy kommune ønskjer å avslutte arbeidet med gards- og ættesoga så snart som avtalen med forfatternen tillet. Det innsamla og utarbeidde materialet skal sikrast slik at arbeidet kan takast opp att ved eit seinare høve.*

Saka vart teke opp att i Sandøy kommunestyre den 27.01.2010, og det vart fatta følgjande samrøystes vedtak:

*Rådmannen får i oppdrag å utgreie denne saka på nytt og leggje den fram for formannskap/kommunestyre.*

På grunnlag av ny utgreiing vart saka den 24.02.2010 handsama i Sandøy kommunestyre, PS 10/7: Gards- og ættesoge - ny vurdering, og det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Sandøy kommunestyre vedtek å vidareføre arbeidet med gards- og ættesoga ut oktober 2011 med arbeidet utført i to trinn. Trinn 1 inneber utgjeving av Band 2 av bokverket hausten 2010, innehaldande gardsnr. 4, 5 og 6. Trinn 2 inneber utgjeving av Band 1 av bokverket hausten 2011, innehaldande gardsnr. 1, 2 og 3.*
- 2. Administrasjonen inngår ein ny avtale med forfattaren som skal framleggast for kommunestyret for godkjenning. Den nye avtalen skal baserast på følgjande pkt:*
  - a) Tilsetjingsforholdet med Sandøy kommune vert endra og kommunen inngår ein kontrakt om å kjøpe "bokverket" til ein fast avtalt pris.*
  - b) Prosjektet blir definert med delmål og hovudmål. Betaling forfell etterkvart som desse måla blir oppfylt.*
- 3. Nye lågare økonomiske rammer må utarbeidast med ei realistisk vurdering av inntektssida ved sal av bøkene.*

*I 2002 vart det vedteke å sette i gang arbeidet med ættesoge. Prosjektet skulle koste 1,5 mill kr og ta 3 år. I tillegg kom kostnad med trykking. No etter 8 år og ca 4 mill kr er prosjektet kanskje snart halvferdig. På bakgrunn av dette ber kommunestyret om at kontrollutvalet set i gong ei gransking av det som har skjedd i prosjektet heilt tilbake til starten.*

*Har det vore gjort gode klare nok vedtak? Kven har definert omfanget og kvalitet på soga? Og er det i tråd med vedtak? Har det vore skrive god nok avtale med forfattaren(ane)? Har arbeidet hatt god nok oppfølging? Er fakta som er utarbeidd materiale forfattaren(ane) sin eigedom absolutt? (juridisk vurdering). Kva er grunnen til at ting har teke stadig lengre tid? Kva er grunnen til at talet på sider/talet på bind har auka?*

Kommunestyret sitt vedtak i PS 10/7 ga kontrollutvalet eit oppdrag å granske tilhøva rundt arbeidet med gards- og ættesoga. Saka vart difor handsama i Sandøy kontrollutval i sak 02/10: Gards- og ættesoge, og kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

*Kontrollutvalet tingar ei gransking utført av kommunerevisjonen med levering 1. september 2010 i samsvar med mandat gitt av Sandøy kommunestyre i sak 10/7 i møte 24.02.2010.*



### 1.2.1 Seinare politisk handsaming

Saka vart på nytt handsama i Sandøy kommunestyre i PS 10/19: Prosjekt - Gards- og ættesoga, den 16.06.2010. Det vart då gjort slikt samrøystes vedtak:

*Kommunestyret opprettar eit aksjeselskap, Gards- og ættesoga AS, med ein aksjekapital på kr 900.000,-. Selskapet får i første omgang i oppgåve å få ferdig skrivearbeidet av band 1 og 2 innanfor ei kostnadsramme på maks kr 850.000. Bankar, forsikringsselskap og andre vert inviterte til å delta/gi tilskot.*

*Om kommunen sin økonomiske situasjon gir rom for det skal kommunen koart år vurdere om aksjekapitalen skal aukast for å slutføre prosjektet. Aksjekapitalen skal takast frå ubundne investeringsfond. Investeringsfondet må tilførast ny kapital ved første høve.*

*Det skal utarbeidast avtale med forfattar som mellom anna skal omfatte faste tidspunkt for ferdigskriving av band 1 og 2, samt konkret tidsbruk for gjeståande arbeid med gards- og ættesoga. Avtalen skal også sikre at Sandøy kommune er rettmessig eigar av alt innsamla og utarbeidd materiale, dette gjeld arbeidet for alle banda for heile kommunen.*

*Dersom Sandøy kommune finn ut at det ikkje er rom for å slutføre prosjektet etter band 1 og 2 er ferdigskrivne vert arbeidsforholdet til forfattar avslutta 1. november 2011.*

*Avtalen skal godkjennast av kommunestyret og skal utarbeidast av dagleg leiar, styret og forfattar.*

*Trykking av band 1 og 2 skal vurderast i budsjettet for 2011.*

*Eventuell trykking blir dekt ved auka aksjekapital frå ubundne investeringsfond.*

*Sal av bøker skal tilførast ubundne investeringsfond eller til skriving av resterande band.*

*Forslag til vedtekter og styresamansetjing vert å legge fram til kommunestyremøtet 22. september 2010.*

### 1.3 Føremål

Føremålet med prosjektet er å gjere ein gjennomgang av korleis prosjektet har vore organisert, ressursbruk og budsjettstyringa.

### 1.4 Avgrensing

Revisjonen har ikkje gjort nokon vurderingar av det faglege arbeidet som er gjort i prosjektet.

## 1.5 Problemstillingar

Sandøy kommunestyre sitt vedtak i sak 10/7 trakk opp følgjande problemstillingar for granskinga:

- Har det vore gjort gode og klare nok vedtak?
- Kven har definert omfanget og kvalitet på saga, og er det i tråd med vedtak?
- Har det vore skrive god nok avtale med forfattaren(ane)?
- Har arbeidet hatt god nok oppfølging?
- Er fakta som er utarbeidd materiale forfattaren(ane) sin eigedom absolutt? (juridisk vurdering).
- Kva er grunnen til at ting har teke stadig lengre tid?
- Kva er grunnen til at antall sider/antall bind har auka?"

Granskinga har vore lagt opp rundt desse problemstillingane, slik at spørsmåla som kommunestyret stilte i vedtaket i PS 10/7 skal verte belyst på ein tilfredsstillande måte. Det er i utgangspunktet ikkje trekt inn andre problemstillingar enn dei som går fram av kommunestyret sitt vedtak.

## 2. Metode

### 2.1 Standard for forvaltningsrevisjon

Prosjektet har vore lagt opp etter RSK-001: "Forvaltningsrevisjon organisert som prosjekt".

### 2.2 Datagrunnlag

Datagrunnlaget for granskinga har for det meste vore skriftlege kjelder, som omfattar relevante saksdokument, vedtak, budsjett- og rekneskapsdata, rapportering, økonomireglement, osv. Som ledd i granskinga har det vore behov for innhenting av intervjudata, frå personar med ulike roller i prosjektet. For å oppnå ei rasjonell innhenting av intervjudata er det i stor grad nytta telefon og e-post.

Den metodikk granskinga er basert på, er innsamling av informasjon som ligg fragmentert, og få han handsama og framstilt i samanheng, i relasjon til dei problemstillingane som granskinga spring ut av.

Vedtak og utvikling av prosjektet har vorte gjennomgått. Framstillinga av fakta byggjer på saksgongen, dvs. kva vedtak og avtalar som er gjort undervegs. Kva for instansar som har gjort vedtak og avtalar, og kva for instansar som har følgd prosjektet opp, fagleg og administrativt. Det er skilt mellom den faglege oppfølginga i regi av Sogenemnda, og den administrative oppfølginga i regi av kommuneleiinga i Sandøy kommune.



### 3. Revisjonskriterium

Revisjonskriterium vert vanlegvis fastsett med basis i ei eller fleire av følgjande kjelder: lovverk, politiske vedtak og føringar, kommunens egne retningslinjer, anerkjent teori på området og andre samanliknbare verksemder sine løysingar og resultat. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere eventuelle avvik/svakheiter. Kriteria vert halde saman med faktagrunnlaget, og dannar basis for dei analysar og vurderingar som vert gjort, og dei konklusjonane som vert trekt, jf. RSK-001.

#### 3.1 Kriterium for å vurdere ansvar

Kommunestyret står relativt fritt i om dei vil delegere myndigheit til eit underliggande politisk organ eller til rådmann. Det er understreka i Kommunelova § 23 at delegasjon til administrasjonen skal skje til administrasjonssjefen (rådmann) og ikkje til nokon andre i administrasjonen. Delegasjon av mynde skal skje til eit reint politisk organ eller til administrasjonssjefen. I kommunalrett (2005) side 292 skriv Bernt Frydenberg følgjande:

*Jeg understreker at etter Kommuneloven kan folkevalgte organer ikke delegere myndighet til noen annen instans innen administrasjonen enn administrasjonssjefen. ...Dette prinsippet innebærer også at kommunestyret og nemnder heller ikke kan delegere myndighet til administrative utvalg. Ønsker disse organene å delegere myndighet til en administrativ instans, har de ikke noe valg: Myndigheten må delegeres til administrasjonssjefen.*

Kommunelova § 23 punkt 2 siste setning slår fast rådmannen sitt ansvar i å føre kontroll med administrasjonen si verksemd og etablere tilfredsstillande internkontroll.

*Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjoner, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

##### 3.1.1 Prinsipp for god prosjektstyring

Som revisjonskriterium er det tatt utgangspunkt i allmenne og anerkjente prinsipp for prosjektarbeid og prosjektstyring, inkludert styrings- og rapporteringsrutinar som gir godt oversyn og god oppfølging og grunnlag for gjennomføring av tiltak ved avvik.

Som ei praktisk referanseramme har vore nytta prosjektlearprosessen (PLP) til Innovasjon Norge. Denne seier at følgjande element må vere med i ein prosjektplan:

- Bakgrunn og mål og eventuelle delmål for prosjektet

- Omfang av prosjektet
- Organisering av prosjektet – roller og ansvar
- Prosjektplan - detaljer om milepælar, kva som skal leverast, tidsplanar
- Risikoanalyse og kvalitetssikring – kva er dei kritiske suksessfaktorane og kvalitetssikring
- Økonomi – budsjett
- Rapportering

### **3.2 Kriterium for å vurdere budsjettstyring og økonomisk rapportering**

Kommunelova §§ 46 og 47 stiller krav til budsjettet sitt innhald og oppfølging. Dette er også nærare presisert i forskrift om årsbudsjett. Det står mellom anna følgjande om årsbudsjettet:

- Det er ein bindande plan.
- Skal vere realistisk.
- Kommunestyret sine løyvingar er bindande for underordna organ.
- Skjer det endringar i løpet av budsjettåret som har betydning for inntekter og utgifter skal det gis melding til kommunestyret.

## 4. Faktaskildring

### 4.1 Historie<sup>1</sup>

I 1957 gjekk kommunane Sandøy, Aukra og Midsund saman om arbeidet med å gi ut ei felles kommunesoge. Det vart funne midlar til mellom anna avskrift av mykje kjeldemateriale frå Statsarkivet i Trondheim. Parallelt med dette valde Sandøy kommune å gje ut ei eiga soge, som skulle omhandle tida frå 1867, då Sandøy vart eige herad, slik at det ikkje kom i konflikt med fellesprosjektet. Medan samprosjektet med Aukra og Midsund gjekk i stå, vart Sandøysoga fullført og utgjeven i 1961. Alt då var meininga at bind II, ei gards- og ættesoge, skulle verte utarbeidd. Det viste seg derimot at Sandøysoga skulle bli offer for både kritikk og mindre lystig diskusjon. Dette førte til at boknemnda den gongen sa frå seg ansvaret for å arbeide vidare med bind II. Og slik vart bokprosjektet eit sovande prosjekt i fleire år framover.

Då Sandøy Sogenemnd vart oppretta i 1976 var det ei målsetjing å utarbeide eit bind II, og gje ut dette materialet i bokform.

Det synt seg tydelegare etter kvart som åra gjekk at prosjektet vart for stort og omfattande til at det kunne gjennomførast av sogenemnda åleine. I funksjon av kultursekretær kom Anne Huse med i prosjektet i 1986. Ho fekk i oppdrag av sogenemnda å kopiere og legge til rette for at medlemmane kunne jobbe vidare med det materialet som Beate Berg frå Ona hadde samla inn. Det synt seg raskt at å gje ut ei gards- og ættesoge i bokform var eit prosjekt som låg langt opp og fram. Anne Huse arbeidde med slektsgransking ut over heile 90-talet, og mot slutten av årtiet vart det gjort framstøyt for å få prosjektet i gjenge att. Det vart nedsett ei arbeidsgruppe med representantar frå dei ulike øyane/krinsane.

I 1996 gjekk Sogenemnda inn for å opprette ei boknemnd. Denne fekk i oppdrag å arbeide fagleg og praktisk med gards- og ættesoga, samt å kome med framlegg om gjennomføring av prosjektet.

Dugnadsarbeidet frå Sogenemnda si side har i hovudsak gått ut på å samle inn opplysningar om hus og nyare slektsdata. Forfattarane har arbeidd med å samle inn stoff om alle gardsnummera for heile kommunen.

Sogenemnda har fungert som ei fagnemnd i høve til manuskripta og slektslistene, og bidra til å skaffe fram nyare slektsdata, bilete og opplysningar

---

<sup>1</sup> Kjelde: Sandøy kommune sine nettsider.

<http://www.sandoy.kommune.no/gards-og-aettesoge.78677.no.html>

til disse.

## 4.2 Vedtaksgrunnlag frå 1999-2001

Sandøy kommunestyre handsama PS 037/99: Gards- og ættesoge for Sandøy kommune den 9. september 1999. Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

1. *Den oppnemnde boknemnda arbeider vidare med kjeldeinnsamling og systematisering av historisk materiale ut år 2000.*
2. *Det vert avsett midlar til dette grunnlagsarbeidet på kulturbudsjettet også for driftsåret 2000.*
3. *Det vert engasjert ein profesjonell bygdebokforfattar i ein produksjonsperiode på 2 år som:*
  - a. *Gjer seg nytte av det innsamla og systematiserte kjeldematerialet.*
  - b. *Nyttar boknemnda som arbeids- og referansegruppe.*
4. *Ein forskotterer produksjonskostnadane primært ved kommunal finansiering, men alternative løysingar skal bli vurdert. På sikt blir produksjonskostnadane dekt inn ved salsinntektene.*
5. *I løpet av 2002 vert boka lagt ut til førehandssal/førehandstinging med eit depositum på kr. 500.- eller om lag 60% av stipulert salssum. Dette for å gi bokprosjektet generelt og kostnadane ved trykking spesielt eit økonomisk grunnlag.*
6. *Boka skal leggjast ut til sal hausten 2003.*
7. *Vedtaket vert gjort med atterhald om at ein får innarbeidd finansiering av tiltaket i budsjettet for år 2000 og økonomiplanen for 2000-2003.*

I samband med handsaming av budsjett for 2000 (K-sak 70/99) godkjende kommunestyret ei løyving på kr. 70.000 til eit forprosjekt, med mål om å kartlegge status for arbeidet gjort så langt, samt vidare framdrift.

I sak 50/00 vedtok Sandøy kommunestyre ei økonomisk ramme for å fullføre arbeidet med Gards- og ættesoga for Sandøy. Ramma var basert på 2 heile årsverk i perioden 2001 - 2002, samt etterarbeid, trykkeutgifter, sal og distribusjon i 2003.

På dette tidspunktet hadde ein konkludert med at ein måtte ha ein eigen forfattar til bokverket som kunne arbeide med dette på fulltid. I den samanhengen vart Randi Kristin Strand engasjert i tidsrommet 23.10-31.12 2000, for å gjennomføre eit forprosjekt. Mandatet for forprosjektet var:

- a) *Setje seg grundig inn i og kvalitetssikre innsamla kjeldemateriale/-biletmateriale*
- b) *Utifrå statusen for tidlegare utført arbeid, utarbeide ein plan, saman med Sandøy Sogenemnd og boknemnd, for ytterlegare innsamling av kjeldemateriale/biletmateriale*



- c) *Utarbeide eit synopsis for vidare framdrift/disposisjonsplan for bokverket som også omfattar tankar om personhistoriene, dei historiske episodane, tidstypiske forteljingar og historiske samanhengar.*
- d) *Legge fram ein sluttrapport for forprosjektet som oppsummerar og utgreier ovannemnde punkt. I tillegg: Målet for forprosjektinga er også å synleggjere kva ressursar ein må sette inn for å kunne ferdigstille bokverket.*

Forprosjektrapporten<sup>2</sup> låg føre tidleg i 2001. Rapporten peika på at Sandøy kommune sine føresetnader om ei produksjonstid på to år var urealistisk. Forprosjektet la til grunn ein tidshorisont på 3 år, og skulle ende opp i ei samla gards- og slektshistorie for Sandøy kommune fordelt på to bokband, ein gardsdel og ein slektsdel.

I forprosjektrapporten vert det sagt at ei gjennomføringstid på 3 år vil vere knapt, idet dei syner til uttale frå Norsk Lokalhistorisk Institutt:

*Dersom slektshistorien også trenger atskillig mer bearbeiding enn tidligere antatt, bør nok kommunen ta høyde for en noe utvidet tidsbruk. En tommelfingerregel er tre år pr. bind gards- og slektshistorie, men det er en ganske grov gjennomsnittsregning.*

I forprosjektrapporten blir det skissert eit behov for 6 års gjennomføringstid, fordelt på 3 år per band. Kommunen vart oppmoda om å utvide rammene for produksjonstid til 6 år, minimum 4 år.

Forprosjektrapporten vart handsama i Sandøy kommunestyre i K-sak 006/01: Endra føresetnader for fullføringa av "Gards- og ættesoge" den 15.2.01, og det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

- a) *Sjølv om dei økonomiske føresetnadane for å produsere og fullføre bokverket Gards- og ættesoga for Sandøy er endra, i høve til vedtak i K-sak 50/00, vedtek Sandøy kommunestyre at arbeidet skal fullførast.*
- b) *Formannskapet får delegert eit oppfølgings- og vedtaksansvar for dei endringane som er nødvendig å setje i verk for å ferdigstille bokverket, herunder også finansiering.*

I saka (K-sak 006/01) er det lagt til grunn følgjande ressursbruk:

- 2001: Vidare innsamling av kjeldemateriale, kvalitetssikring, vidareføring av arbeidet med slektsdelen. Stillingsressurs 120%. Diverse driftsutgifter kr. 390.000
- 2002: Sjølve skrivefasen for gardsdelen, bind 1. Slektsdelen fullførast.

<sup>2</sup> "Gards- og ættesoge" (arbeidstitel) for Sandøy. Forprosjektrapport av Randi Kristin Strand, Molde 12.01.2001

Stillingsressurs 120%. Diverse driftsutgifter og kjøp av tenester kr. 485.000.

- 2003: Skrivefasen for bind 2, gardsdelen, skulle fullførast. Stillingsressurs 100 %, kr. 370.000.
- 2004: Etterarbeid, språkvask, trykking kr. 250.000.

Til saman ga dette ei kostnadsramme på kr. 1.495.000. Inntekter til sal av bøker, samt sponsormidlar vart stipulert til kr. 250.000. Totalramma som i hendhald til dette måtte løyvast var kr. 1.245.000, fordelt på tre år. Endringane måtte innarbeidast ved rulleringa av økonomiplanen for perioden 2002-2005.

Føresetnadane i saka var såleis at:

- a) Produksjonstida vert utvida med eit år
- b) Stillingsramma aukar med 1,4 årsverk
- c) Kjøp av anna fagteneste vert lagt inn med om lag 1 månadsverk
- d) Den totale kostnadsramma vart auka med om lag kr. 435.000 over ein 4-års periode i høve til vedtaket i K-sak 50/00.

Det går fram av saka at ein på grunnlag av forprosjektrapporten kjende seg viss på at den reviderte ramma ville vere tilrekkeleg:

*I ettertid kan ein seie at ein burde hatt på bordet alle relevante opplysningar som var nødvendig for å kostnadsrekne prosjektet på eit tidlegare tidspunkt, dvs før budsjettprosessen 2000 vart avslutta.*

*Uansett, betre seint enn endå seinare. Og no når denne rapporten ligg føre, ført i pennen av ein vel kvalifisert fagperson, kan ein med stor grad av sikkerheit slå fast at slik vert dei totale kostnadene, slik vert nødvendig stillingsressurs, slik vert produksjonstida.*

### 4.3 Utviklinga av prosjektet

Frå 2001 synte det seg etter kvart at arbeidet var for omfattande til at prosjektet kunne gjennomførast på 3 år. Det vart peika på fleire årsaker: Gjenståande arbeid med slektshistoria var meir omfattande enn det som var lagt til grunn. Gardane i kommunen har tilhøyrt to ulike administrative område, som har medført dobbelt kjeldarbeid. Manglande prosjektstyring fordi det ikkje vart definert ein koordinator for heile prosjektet.

Frå administrativt hald i kommunen vart oppgåvene med oppfølging av prosjektet i stor grad overlete til Sogenemnda. Prosjektet har vore avhengig av å oppretthalde eit godt samarbeid mellom dei profesjonelle forfattarane og friviljuge kjeldeinnsamlarar. Å oppretthalde eit stort engasjement og

dugnadsvilje over tid synte seg å vere vanskeleg. I tillegg hadde hovudforfattaren hatt svangerskapspermisjonar i perioden, noko som innebar at i perioden mars 2001 – mars 2009 var det 6 effektive år frå forfattarane si side.

I forprosjektrapporten under pkt. 5.2 Prosjektstyring heiter det:

*For at prosjektet skal gå som planlagt er det viktig med god prosjektstyring og klare ansvarsområde. Formell oppdragsgjevar er kommunen representert ved kultursjefen. Sogenemnda har det faglege, lokale ansvaret for utgjevinga og har utnemnd ei boknemnd til særleg å ta hand om prosjektet. Det er viktig at det er jamn og god kommunikasjon mellom kommunen, sogenemnd og boknemnd på den eine sida og hovudforfattar/ redaktør og medforfattar på den andre sida.*

Som nemnt innleiingsvis handsama Sandøy kontrollutval sak 15/08: Orientering om økonomi og framdrift vedkomande gards- og ættesoge den 11.12.08, og gjorde slikt vedtak:

*Det bør utarbeidast ein framdriftsplan, kostnadsoverslag og finansieringsplan for prosjektet som blir førelagt kommunestyret til behandling. Også prosjektleiing bør det takast stilling til.*

Dette vart følgt opp i PS 09/4, handsama i Sandøy kommunestyre den 18.02.2009. Avslutningsvis i saksutgreiinga heiter det:

*Hausten 2008 vart det gjort eit grep for å betre kommunikasjonslinene internt i prosjektet ved at det vart nedsett ei arbeidsgruppe beståande av forfattarane, einingsleiar for kultur og leiar for sogenemnda. Vi tek sikte på å ha jamlege møter for å koordinere føreståande arbeidsoppgåver. Leiar for kulturelle tenester tek den administrative leiinga av prosjektet, ikkje berre på ansvarsnivå som tidlegare, men gjennom å syte for at dei ulike aktørane i prosjektet kan samarbeide på best mogeleg vis og for å sikre ei god prosjektstyring vidare”.*

Frå dette tidpunkt i 2009 vart det tatt eit sterkare grep om prosjektet frå administrativt hald i kommunen, ved at einingsleiar for kultur involverte seg meir direkte i prosjektstyringa.

#### **4.3.1 Utviding av talet på band**

Det går fram av forprosjektrapporten at det er mange måtar å utforme eit bygdebokverk på, både når det gjeld bandinndeling og sjølve innhaldet. Det vart peika på at den vanlegaste bandinndelinga er å skrive gards- og ættesoge for seg, og deretter ei almen bygdehistorie. Forprosjektrapporten la opp til produksjon av eit bygdebokverk i to band.

I årsrapport for 2007, datert 31.3.08, heiter det:

*Forfattarane har, i møte med den nye leiaren i Sandøy Sogenemnd, Paul Edmund Steinshamn, samt dei to kontaktpersonane som til no har arbeidd mest med prosjektet; Odd Arve Orten og Anne Marit Steinshamn, drøfta framdrift og ei tidslinje for det igjenverande prosjektet. I fellesskap kom vi fram til følgjande: (...)*

*Bokverket vert gitt ut med eitt og eitt band i staden for ei samla utgjeving som først planlagt. Dette vil både synleggjere det arbeidet som er gjort og gje inntekter medan prosjektet er i gang. Det kom framlegg om å dele Harøya i to band for å få utgitt materialet fortare. Dette har mellom anna med kjeldesituasjonen å gjere i og med at Myklebust og Uksnøya tilhørde Sunnmøre futedøme og difor vil innebere ein del ekstraarbeid sjølv om ein del av kjeldematerialet alt er på plass. Bandinndelinga vil då bli som følgjer:*

- *Band 1: Lyngværet, Orten, Sandøy (Finnøya, Seterøya og Gåsøya), Røsholm, Ona, Husøy.*
- *Band 2: Haugen, Harnes, Huse, Brunvoll, Marøy*
- *Band 3: Morsund, Røsok, Myklebust, Uksnøy*

Manusutkastet for band I var på dette tidspunktet berekna ferdig sumaren 2009, med planlagt utgjeving til årsskiftet 2009/10. Dei to siste banda var planlagt ferdigstilt til årsskiftet 2012/13.

I årsrapporten frå hovudforfattar for 2009, datert 25.3.10, under avsnittet "Framdrift" heiter det:

*Rundt årsskiftet drøfta arbeidsgruppa, kommuneadministrasjonen og Sogenemnda innhald og omfang av band 1. Etter ei samla vurdering av sidetal, illustrasjonar, økonomi og salgbarheit var det brei semje om at band 1 bør delast i to bøker. Dermed vil band 1 innehalde gnr.1-3, medan gnr. 4-6 blir å finne i band 2. (...)*

*Med oppdeling av den første boka i to band vil ein framleis halde seg innanfor dei økonomiske rammene ved trykking av fire band i staden for tre. Vurderinga er at rikt illustrerte bøker på omlag 6-700 sider vil selje betre enn ein murstein på 1200 sider. Denne oppdelinga gjer det også muleg å få inn gnr. 3 på sin rette og naturlege plass, noko Sogenemnda legg stor vekt på. (...)*

#### **4.4 Rapportering undervegs**

Frå starten i prosjektet har det vore etablert rutinar på rapportering. Følgjande rapporteringsdokument er gjennomgått:

- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 5.3.2001-31.8.2001.

- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 1.1.2002-31-08.2002.
- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 1.9.2002-31-12-2002.
- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 1.1.2003-31-8.2003.
- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 1.9.2003-19.4.2004.
- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 20.4.2004-24.9.2004.
- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 25.9.2004-15.3.2005.
- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 1.5.2006-31.8.2006.
- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 1.9.2006-15.3.2007.
- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 16.3.2007-31.8.2007.
- Rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 1.4.2008-31.8.2008.

Det har vore hyppig rapportering frå hovudforfattar. Rapportane som er levert inneheld opplysningar om målsettingar for perioden, status, økonomi, og vidare framdrift. Allereie frå første rapport vart det meldt om forseinkingar i arbeidet i høve til opphavleg framdriftsplan. Forseinkingar som skuldast sjukmeldingar og fødselspermisjon vart rapportert i 2002-2004. I rapport frå hovudforfattar for tidsrommet 1.9.2003-19.4.2004 vart det gitt ei utfyllande grunngjeving for at opphavlege rammer ville bli for knappe. I seinare rapportar vart framdriftsproblema kommunisert og grunngjeve. I årsrapport 2007 rapporterte hovudforfattar mellom anna følgjande:

*(...) Mangelen på ein prosjektleiar har fått ringverknader for framdrifta i heile prosjektet". (...)*

Som resultat av PS 09/4, handsama i Sandøy kommunestyre den 18.02.2009, fekk einingsleiar for kultur eit meir direkte og løpande prosjektleiaransvar.

#### **4.4.1 Omtale av prosjektet i rådmannen sine årsmeldingar**

Det har vore rapportert frå prosjektet frå kultureininga til rådmannen i samband med utarbeiding av årsmeldingar, og bidra til årsmeldingane 2007-2009 er gjennomgått.

I kultureininga sitt bidrag til årsmelding for 2007 er årsrapporten frå hovudforfattar tatt inn. Under avsnittet "Generelle problem" heiter det:

*Som tidlegare rapportert går arbeidet seint på grunn av ei rekkje velkjende årsaker både når det gjeld innehenting av kjelder og organisering. Prosjektet har heile tida lide under mangel på klårt definerte ansvarsforhold og arbeidsoppgåver. Dette vart tidleg påpeika av Norsk Lokalhistorisk Institutt, og er rapportert med jamne mellomrom av underteikna. Frå kommunen er gjentekne gonger gitt klår beskjed om at hovudforfattar skal vere forfattar og ikkje prosjektleiar. Som hovudforfattar og faghistorikar har eg sjølv sagt det faglege ansvaret for arbeidet, men utover det å definere delprosjekt og legge til rette for igangsetting er det ikkje*

*mitt ansvar å sørgje for praktiske løysingar og administrere desse underprosjekta. Heilt frå byrjinga gav underteikna beskjed om at leiaren i Sandøy Sogenemnd måtte ta det administrative ansvaret for det lokale arbeidet, tilrettelegge prosjektet praktisk, ta ansvar for intern- og eksten informasjon og halde tett kontakt med forfattarane. Trass dette er det nett her det har svikta, slik at prosjektet i realiteten aldri har hatt ein prosjektleiar. Ein god del administrasjonsarbeid har difor falle på underteikna og mykje har ikkje vorte utført i det heile. Mangelen på ein prosjektleiar har fått ringverknader for framdrifta i heile prosjektet.*

I årsrapporten frå hovudforfattar for 2008, datert 10.3.09, under avsnittet "Framdrift" heiter det:

*Tidlegare problem nemnte mellom anna i årsrapporten for 2007 er forsøkt retta opp på ulikt vis. Sidan hausten 2008 har ei arbeidsgruppe beståande av einingsleiar for Kultur, Sogenemndsleiar og forfattarane tatt til med jamlege møter. Frank Harneshaug har dessutan teke på seg oppgåva som prosjektleiar, og har såleis frå siste årsskifte vore koordinator for prosjektet. Per dato er planen at band 1 skal kome ut til jul 2010. Dei to siste banda blir utgjeve etter tur; band 2 i 2012 og band 3 er planlagt ferdig i 2014.*

I årsrapporten frå hovudforfattar for 2009, datert 25.3.10, under avsnittet "Framdrift" heiter det:

*Revurdert framdriftsplan ved årsskiftet er dermed at manus for band 2 blir ferdig sommaren 2010 og vert trykt same haust. Manus for band 1 blir ferdig sommaren 2011. For prosjektet i heilskap er stoda som følgjer: I dei åra som har gått sidan prosjektet starta har det vore arbeidd med slekt for alle gardsnummer i kommunen. Anne Huse har med bakgrunn i slektslistene berekna at gnr. 1-6 utgjer 40 % av slektslistene i kommunen, men ca. 50 % av familiehistoriene i gardshistoria fordi tyngda av familiehistoriene tilhøyrrer eldre tid. Dette gjer desse familiehistoriene meir arbeidskrevjande og omfattande enn for gardsnummer med flest nye hus. Til gnr. 1-6 høyrer det tre grendehistorier, medan det til gnr. 7-15 berre er to. Legg ein til at det i heile prosjektperioden er utført kjeldeinnsamling, tilrettelegging av kjeldemateriale som til dømes utarbeiding av statistikkar, analyse av eigedomshistorie osv. for alle gardsnummer vil det seie at omlag 50-60 % av jobben vil vere gjort sommaren 2011. Berekna arbeidstid for band 3 og 4 er 2 år per band, i alt 4 år.*

## 4.5 Budsjett og rekneskap 2000-2009

Tabellen under syner budsjett og rekneskap i samband med utarbeiding av gards- og ættesoga i Sandøy kommune i tidsrommet 2000-2009.

År	Budsjett			Rekneskap		
	Utg	Innt	Sum	Utg	Innt	Sum
2000	200 500	-71 100	129 400	208 309	-60 010	148 299
2001	415 500	-29 100	386 400	427 445	-20 888	406 557
2002	526 230	-18 100	508 130	529 155	-190 872	338 283
2003	465 100	-19 100	446 000	428 002	-143 463	284 539
2004	470 888	-23 191	447 697	430 916	-117 709	313 207
2005	431 361	-20 000	411 361	458 189	-45 539	412 650
2006	451 700	-8 000	443 700	477 788	-7 703	470 085
2007	492 500	-8 000	484 500	570 496	-4 562	565 935
2008	521 000	-8 000	513 000	476 856	-877	475 978
2009	561 000	-8 000	553 000	493 767	-6 562	487 205
	4 535 779	-212 591	4 323 188	4 500 924	-598 185	3 902 738

Hovudforfattar vart engasjert frå oktober 2000. Kr. 56 115 vart bokført som løn i 2000. Det meste av utgiftene påfølgande år har vore løn til hovudforfattar.

Inntektspostane i åra 2002-2004 relaterer seg til refusjonar for svangerskapspermisjon. Samla brutto kostnad i tidsrommet 2000 – 2009 har vore 4,5 mill. kroner. Netto har kostnaden vore 3,9 mill. kroner.







## 5. Revisjonen sine vurderingar

### 5.1 Vedtaksgrunnlag og organisering av prosjektet

Utarbeiding av ei gards- og ættesoge er ein type prosjekt som har liten verdi før dei einskilde bøkene er ferdigstilt. Det gjer at når arbeidet først er starta opp, vil medgåtte ressursar lett kunne gå tapt dersom prosjektet vert stoppa før arbeidet er ferdigstilt. Dette gjer at grunnlaget for ei avgjersla om å setje i verk eit slikt arbeid må vere godt utgreidd. Saksutgreiinga som låg til grunn for kommunestyret si avgjerd om å satse på prosjektet med ein fulltids tilsett hovudforfattar (K-sak 006/01) baserte seg på ei grundig saksutgreiing, som igjen baserte seg på eit forprosjekt<sup>3</sup>.

Utgangspunktet for kommunen var ei gjennomføringstid med 2 lønna årsverk. I forprosjektrapporten vert det halde fram at dette vert for knapp tid, og det vart tilrådd minimum 3 lønna årsverk, noko som vart vedtatt.

Med bakgrunn i anerkjente prinsipp for god prosjektstyring inneheld forprosjektrapporten ein prosjektplan som gjekk nærare inn på prosjektet sitt omfang. Det går fram planlagt organisering, roller og ansvar. Det er vidare skissert aktivitetar og milepælar for heile prosjektperioden.

Forprosjektrapporten tek også opp tilhøve rundt risikoområde, idet det vart synt til at Norsk lokalhistorisk institutt opererer med ei retningsgjevande produksjonstid på bygdebøker med meir på overslagsvis 3 år per band.

Sett i ettertid var føresetnadane om ei produksjonstid på 3 løna årsverk til hovudforfattar for optimistiske, men det gjekk fram av forprosjektrapporten at dette var eit optimistisk overslag. Av forprosjektrapporten går det mellom anna fram at arbeidet med prosjektet inneber organisering og gjennomføring av eit omfattande dugnadsarbeid.

Saksutgreiinga og forprosjektrapporten ber preg av ein satsingsvilje og optimisme.

Sjølv om mange av dei føresetnadane som forprosjektet bygde på i ettertid har synt seg ikkje å halde seg oppe, må det avgjerdsgrunnlaget som kommunestyret fekk seg førelagt i 2001 kunne seiast å vere tilfredsstillande. Også vedtaksgrunnlaget frå 1999-2001 er klart.

---

<sup>3</sup> "Gards- og ættesoge" (arbeidstittel) for Sandøy. Forprosjektrapport av Randi Kristin Strand, Molde 12. januar 2001.

Ser ein hen til revisjonskriteria for god prosjektstyring var det i avgjerdsgrunnlaget skildra klare mål og delmål for prosjektet. Det låg føre ein prosjektplan, med detaljer om milepælar. Organisering av prosjektet, med roller og ansvar, samt opplysningar om økonomi og budsjett. Det vart etablert gode rapporteringsrutinar frå starten av.

### 5.1.1 Sogenemnda sin funksjon og ansvar

Eit kommunestyre kan velje om dei vil delegere mynde til eit politisk utval eller til rådmannen. Dersom kommunestyret har delegert mynde til eit politisk utval, har i prinsippet rådmannen ikkje noko ansvar for det området. Det politiske utvalet må rapportere tilbake til kommunestyret. For rådmannen kan det verta eit problem dersom han vert klar over at prosjektet ikkje utviklar seg slik som føresett, og kommunestyret ikkje vert gjort kjent med det. Er då rådmannen forplikta til å informere kommunestyret om det han måtte vite om prosjektet?

Sandøy sogenemnd vart oppretta i 1976, med mandat å utarbeide gards- og ættesoge for Sandøy kommune i bokform.

Sogenemnda har vurdert seg sjølv i hovudsak å vere ei bygdeboknemnd, som har ansvar for det faglege, men som ikkje har det totale prosjektansvaret, inkludert styring av prosjektet innafor økonomiske rammer.

Sogenemnda er ikkje eit politisk utval, og kan etter revisjonen si meining ikkje ha noko anna enn ei rådgjevande funksjon. Kommunestyret kan ikkje delegere mynde til ei gruppe som ikkje er eit politisk utval.

I prosjektet har Sogenemnda og forfattarane sett altfor optimistisk på verdien av dugnadsarbeidet og det materialet som var innsamla tidlegare. Hovudforfattaren har gitt uttrykk for at mykje av dette kjeldematerialet heldt for dårleg fagleg standard.

Tidsbruken har vore eit stadig tilbakevendande tema i sogenemnda. Det har den seinare tida vorte gjort freistingar på å "spisse" prosjektet, slik at ein ikkje lenger arbeider breitt, men gir ut banda etter kvart. Dette for å kunne vise til resultat. Det har vore eit press for å få synleggjort konkrete resultat. Sogenemnda har frykta at kommuneøkonomien kunne sette ein stopp for arbeidet.

### 5.1.2 Rådmannen sitt ansvar

Slik revisjonen vurderer det har styringsstrukturen i prosjektet vore klår. Ansvar for oppfølging av vedtaket og gjennomføring innafor dei økonomiske

rammene som føresatt, ligg hjå rådmannen. Oppfølgingsoppgåvene har vorte delegert frå rådmannen til leiar for kulturelle tenester, i hendhald til kommunen sitt delegasjonsreglement, og på grunnlag av særskilt delegasjonsfullmakt. Ansvar ligg like fullt hos rådmannen, då ansvar ikkje kan delegerast.

Ansvar for gjennomføring av prosjektet i tråd med kommunestyret sitt vedtak i K-sak 006/01 ligg altså hos rådmannen. Då det vart klart at føresetnader for vedtaket ikkje heldt seg oppe, skulle det så snart som råd vore rapportert attende til kommunestyret om dette. I 2006 var dei tildelte ressursane med 3 års lønna årsverk gått med, utan at kommunestyret på ein god nok måte vart orientert om dette. Kommunestyret fekk informasjon om status i prosjektet gjennom hovudforfattar Randi Kristin Strand sin presentasjon for kommunestyret den 29.10.2008. Kontrollutvalet greip deretter fatt i saka, på grunnlag av sak 15/08: Orientering om økonomi og framdrift vedkomande gards- og ættesoge den 11.12.08.

Saka vart følgt opp av rådmannen i PS 09/4, handsama i Sandøy kommunestyre den 18.02.2009. Det vart då vedtatt at leiar for kulturelle tenester skulle vere koordinator og administrativ leiar for prosjektet. I saka kjem det fram ei erkjenning av at rådmannen si oppfølging og leing av prosjektarbeidet ikkje har vore godt nok.

I fleire rapportar frå hovudforfattar har det vore synt til at prosjektet heile tida har lide under mangel på klårt definerte ansvarsforhold og arbeidsoppgåver, idet hovudforfattar ikkje skulle ha prosjektleiaransvaret. Sett i ettertid burde det ha vore gripe fatt i dette lenge før.

## 5.2 Rapportering

Hovudforfattaren til gards- og ættesoga har rapportert to gonger i året til rådmannen. Rapportane har inngått som ein del av årsmeldingane frå kultureininga. Denne følgjer rådmannen si årsmelding til kommunestyret i samband med handsaming av rekneskapen.

Revisjonen vurderer rapporteringsrutinane som gode, og dei rapportane som hovudforfattar har levert har vore utfyllande og gode.

## 5.3 Organisering og styring

Hovudforfattar er tilsett i Sandøy kommune i 100 % stilling, men har ikkje sin arbeidsplass fysisk på rådhuset. Dette kan ha vore ei medverkande forklaring på at den administrative oppfølginga av hovudforfattaren sitt arbeid i linje under

rådmannen fram til februar 2009 ikkje var god nok.

Organiseringa med omsyn til roller, ansvar og fullmakter har ikkje vore god nok frå starten av prosjektperioden, men har vorte betre etter at dette vart gripe fatt i tidleg i 2009. Prosjektleiinga har vorte klart betre. Det har blitt innført arbeidsmøte, der leiaren for kulturetaten, forfattarane og leiarane i Sogenemnda tek del.

#### 5.4 Råderett over bokverket

I mandatet for granskinga er det spurt om innsamla og utarbeidd materiale er forfattaren(ane) sin eigedom juridisk sett.

Når verk er skapt i eit tilsettingstilhøve, er det ikkje alltid like naturleg at opphavspersonen skal ha råderett over åndsverket. Det finnes ingen generelle reglar i åndsverklova som regulerer tilhøvet mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar med omsyn til åndsverk som er skapt i tilsettingstilhøve. Derimot finnes det eit generelt ulovfesta prinsipp som går ut på at opphavsretten til verk skapt i tilsettingstilhøve, i mangel av anna avtale, vil kunne sjåast på som overført til arbeidsgjevaren ”i den utstrekning det er nødvendig for at ansettelsesforholdet skal nå sitt formål og det dessuten er omfattet av arbeidstakerens oppgaver i arbeidsforholdet å skape slike verk”<sup>4</sup>.

Kor vidt råderetten i dette tilfellet skal sjåast som overført frå arbeidstakar til arbeidsgjevar i kraft av tilsettingstilhøvet, vil måtte basere seg på ei tolking av arbeidsavtalen.

I arbeidsavtalen mellom Sandøy kommune og hovudforfattar, datert 12.03.2001, heiter det ma:

*Forfattaren gjev oppdragsgjevaren einerett til å gje ut verket som gards- og ættesoge. Anna utnytting av verket skal avtalast med forfattaren med basis i prinsippa i Åndsverklova. Ei eventuell nytgjeving av bokverket er heimla i Åndsverklova, og skal skje i samråd mellom forfattar og oppdragsgjevar.*

Det er nytta ein standard arbeidsavtale for Sandøy kommune, som i tillegg omfattar ein mal for kontraktsforslag frå Norsk Lokalhistorisk Institutt.

Arbeidsavtalen seier at hovudforfattar skal levere manuskriptutkast saman med tertialrapportar. Endeleg manuskript skal leverast korrekturlest og klar til trykking. Vidare seier avtalen at oppdragsgjevar har ansvaret for utforming,

<sup>4</sup> ”På rett hylle med åndsverkloven. En veiledning i opphavsrett for arkiv, bibliotek og museum”. Charlotte Børde og Vebjørn Søndersrød, ABM-utvikling 2008.

trykking og marknadsføring, mv. Forfattern har rett og plikt til å lese to korrekturar etter at manus er satt.

Arbeidsavtalen seier at alt innsamla materiale vert oppdragsgjevaren sin eigedom når forfattern sitt arbeid er avslutta, eller vert innstilt av andre årsaker.

Som eit ledd i gjennomføringa av dette prosjektet har revisjonen vore i kontakt med KS-advokatane, for å få utarbeidd ei utgreiing med konkludarende drøfting som svar på kommunestyret si problemstilling. På grunnlag av korrespondanse med KS-advokatane synest det som om den aktuelle problemstillinga er meir kompleks og krevjande enn det som først har vore lagt til grunn. Etter ei totalvurdering har revisjonen konkludert med ikkje å bestille ei større utgreiing av spørsmålet no. Dersom Sandøy kontrollutvalg/-kommunestyre likevel skulle be om at det vert utarbeidd ei eiga betenkning på spørsmålet, vil det vere aktuelt å kome attende til saka.



## 6. Oppsummering og konklusjon

### 6.1 Problemstillingane i prosjektet

Det vert synt til kap. 1.5: Problemstillingar, som baserer seg på Sandøy kommunestyre sitt vedtak i sak 10/7, der problemstillingane for granskinga vart formulert. I dette oppsummerande kapittelet vert det gitt svar på spørsmåla, på basis av fakta og vurderingar tidlegare i rapporten.

#### *Har det vore gjort gode og klare nok vedtak?*

---

Revisjonen er av den oppfatning av det har vore gjort klare vedtak i saka. Framdriftsproblem, forseinkingar, og bruk av meir ressursar enn opphavleg planlagt, skuldast ikkje eit uklart vedtaksgrunnlag.

#### *Kven har definert omfanget og kvalitet på soga, og er det i tråd med vedtak?*

---

Sogenemnda hevdar å ha formulert klare mål for arbeidet. Målet syntes opphavleg greitt nok: Ei gards- og ættesoge for Sandøy kommune i to bind med "kjøt på beina". Sogenemnda har heile tida hatt høge ambisjonar, og "lagt lista høgt" med ei "kvalitetsbok" som mål.

Ut frå det medlemmer av sogenemnda seier, har arbeidet vorte meir omfattande etter kvart som forfattaren har fått innsyn i mengda av aktuelt stoff. Spesielt Ona har vore veldig arbeidskrevjande å finne ut av, og å samle trådane om. Innsamling og systematisering av stoff frå arkiv har tatt lengre tid enn først trudd.

Sogenemnda og forfattarane hadde ikkje gjort eit tilsvarande arbeid før, og såg altfor optimistisk på verdien av dugnadsarbeidet og det materialet som var innsamla tidlegare. Ifølge hovudforfattaren heldt mykje av det ikkje faglege mål.

Det vart vegen fram til målet som vart (og er) mykje lengre og vanskelegare enn forfattarane og hjelparane (Sogenemnda med fleire) hadde tenkt seg.

### *Har det vore skrive god nok avtale med forfattaren(ane)?*

---

Arbeidsavtalen mellom Sandøy kommune og hovudforfattar, datert 12.3.01, er i utgangspunktet ein standard arbeidsavtale/tilsetjingsbrev for Sandøy kommune, der det i tillegg er tatt inn særskilte tilhøve som følgjer ein kontraktsmal frå Norsk Lokalhistorisk Institutt. Avtalen omfattar eit 3-årig engasjement som redaktør/hovudforfattar. Det går fram av K-sak 50/00 og K-sak 006/01 at kommunen skulle gå inn på ein modell med hovudbokforfattar tilsett i 100% stilling i kommunen. Avtalen er god nok, men har ikkje vore følgt opp som eit tidsavgrensa engasjement. I Arbeidsmiljølova § 14-9, 5. ledd heiter det<sup>5</sup>:

*" Arbeidstaker som har vært sammenhengende midlertidig ansatt i mer enn fire år etter første ledd bokstav a og b<sup>6</sup>, skal anses som fast ansatt slik at reglene om oppsigelse av arbeidsforhold kommer til anvendelse. Ved beregning av ansettelsestid etter andre punktum skal det ikke gjøres fradrag for arbeidstakers fravær.*

Hovudforfattar sin arbeidsrettslege stilling i høve til Sandøy kommune per i dag er såleis at vedkomande er fast tilsett. Då er det slik at dei generelle reglane i arbeidsmiljøvernlova vil gjelde, dersom det skulle verte reist spørsmål om opphør av arbeidstilhøvet, jfr. vedtak i PS 10/19.

### *Har arbeidet hatt god nok oppfølging?*

---

I starten av prosjektarbeidet fekk hovudforfattar ei for dårleg oppfølging i linje frå rådmannen. Dette vart tatt opp i fleire rapportar. Etter at einingsleiar for kulturelle tenester vart sett til å være koordinator/prosjektleiar, har dette vorte betre. Det har blitt innført arbeidsmøte der leiaren for kultureininga, forfattarane og leiaren i Sogenemnda tek del.

Sogenemnda har ikkje hatt ei oppfølgingsrolle i høve til forfattar. Sogenemnda er ei fagnemnd i høve til manuskripta og slektslistene. Dessutan organiserer dei ein dugnadsgjeng for å skaffe fram nyare slektsdata, bilete og opplysningar til desse.

---

<sup>5</sup> Reglane for mellombelse tilsettingar vart skjerpa i ny arbeidsmiljølov gjeldande frå 1.1 2006.

<sup>6</sup> a) når arbeidets karakter tilsier det og arbeidet atskiller seg fra det som ordinært utføres i virksomheten, b) for arbeid i stedet for en annen eller andre (vikariat).



### *Er fakta som er utarbeidd materiale forfattern(ane) sin eigedom absolutt? (juridisk vurdering).*

---

Det vert synt til kapittel 5.4. Det er i denne samanheng ikkje konkludert med omsyn til spørsmåla kring opphavsrett og eigedomsretten til kjeldemateriale som er innsamla, samanstillingar av kjelder, samt tekstar som er framstilt i form av manusutkast. Spørsmålet vert eventuelt å kome attende til, anten som eit avgrensa oppdrag med tolkingar av arbeidsavtalen og åndsverkslova, eller i ein vidare kontekst der også arbeidsrettslege tilhøve i tilknytning til saka vert handsama.

### *Kva er grunnen til at ting har teke stadig lengre tid?*

---

Tidsfristar som har vore sett opp har vorte overskride. Grunngeving for dette har m.a. vore at arbeidet har teke lenger tid enn planlagt. Både fordi det har vorte gått langt attende i tid, og fordi det har vore vanskeleg å finne stoff, og krevjande å få verifisert kjeldestoff. Ei god framdrift er avhengig av at oppsette tidsfristar vert halde. Det burde ha vorte reagert før når ein såg at tidsfristar ikkje vart halde. Permisjonar og private grunnar har også vore nemnt som grunn for utsetjing av arbeidet. Eit anna moment er at det har vore mangelfull prosjektleiing fram til 2009. Det har også vorte ny leing i Sogenemnda.

### *Kva er grunnen til at sidetal/talet på bind har auka?*

---

Frå 2001 var bokverket planlagt inndelt i 2 band. Det vart etter kvart bestemt at bokverket skulle skrivast i 3 band. Talet på band vart auka til 3, fordi bandet som omfatta Harøya vart delt opp i 2 band. Dette har mellom anna vorte grunngeve med kjeldesituasjonen, i og med at Myklebust og Uksnøya tilhøyrd Sunnmøre futedøme, og det ville innebere ein del ekstraarbeid sjølv om ein del av kjeldematerialet alt var på plass. Bandinndeling slik den var planlagt i 2007:

- Band 1: Lyngværet, Orten, Sandøy (m/ Finnøya, Seterøya og Gåsøya), Røsholm, Ona, Husøy.
- Band 2: Haugen, Hames, Huse, Brunvoll, Marøy
- Band 3: Morsund, Røsok, Myklebust, Uksnøy

Avgjerd om disposisjon og bandinndeling vart tatt av forfattar og Sogenemnda, og vart gjort greie for i årsrapporten for 2007.

I 2009 vart det tatt ei avgjerd om å dele band 1 i to bøker, slik at det totale talet på band no er 4. Det vert elles synt til kap. 4.3.1 i rapporten.

## 6.2 Oppsummering og vegen vidare

Utover svar på dei spørsmåla som Sandøy kommunestyre stilte i sitt vedtak i sak 10/7, har granskinga identifisert følgjande tilhøve:

- Styringsstrukturen i prosjektet har vore klår, i den forstand at ansvaret for oppfølging av vedtaket og gjennomføring innafor dei løyvde økonomiske rammene ligg hjå rådmannen.
- Hovudforfattar er kommunalt tilsett, og har i sine rapportar påpeikt at det har vore manglande leiing og styring av prosjektet, i linje frå rådmannen fram til 2009.
- Det synte seg relativt tidleg at opphavleg framdriftsplan og andre føresetnader frå 2001 ikkje heldt seg oppe. I 2006 var den løyvde ramma brukt opp, utan at det vart laga ei politisk sak som gjorde greie for situasjonen.
- Etablerte rapporteringsrutinar har vore gode. Rådmannen har gått ut frå at rapporteringa gjennom årsmeldingane ga tilrekkeleg informasjon til den politiske sida, vedkomande status og framdrift i prosjektet.
- Sett i ettertid burde det vore lagt fram ei sak for politisk handsaming seinast i 2007.

Revisjonen sitt synspunkt er at det på grunnlag av PS 10/19: Prosjekt - Gards- og ættesoga, handsama i Sandøy kommunestyre den 16.6.10, blir gjort ein grundig vurdering av dei nye føresetnadane som vedtaket i saka byggjer på.



**Sandøy kommune**

Rådmann

## Internt Notat

Vår ref:  
2006/174-0

Saksbeh:  
Lasse Larsson Fjørtoft

Arkivkode:  
C86

Dato:  
03.09.2010

---

**Til:**

Kommunerevisjonen v/ Jens Sæter

---

### **Kommentar til utkast til forvaltningsrevisjonsrapport 17/2010, gjeldende arbeidet med gards- og ættesoge for Sandøy kommune**

Viser til tilsendt utkast til rapport som gjeld den etter kvart 9 år lange prosjekthistoria til arbeidet med Sandøy kommune si gards- og ættesoge.


Sett på bakgrunn av vedtaket i Sandøy kontrollutval i sak 02/10, som i si oppdragsbestilling til forvaltningsrevisjonen nyttar det noko "tunge" omgrepet gransking, er rapporten prega av ei gjennomgåande sakleg og objektiv tilnærming til prosjektfakta og prosjekthistorie. Metoden som har blitt nytta som arbeidsreiskap, skulle også borge for at data- og faktagrunnlaget stemmer overeins med dei faktiske forholda.

Rapporten sine konklusjonar langs med samsvarar med rådmannen si oppfatning, mellom anna at:

- a) sogenemnda, ei politisk oppnemnd arbeidsgruppe og ikkje eit politisk utval, fekk delegert eit for omfattande prosjektansvar
- b) i periodar, då det frivillige arbeidet stod meir eller mindre i stampe, vart for mange administrative prosjektoppgåver lagt i hendene på bokverket sin hovudforfattar
- c) det har, gjennom prosjekthistoria, vore utført eit godt og etterretteleg rapporterings- og informasjonsarbeid frå hovudforfattaren til rådmannen og vidare til det politiske systemet
- d) prosjektet sitt netto kostnadsbilette viser ei gjennomsnittleg utgift på kr. 390 000.- per år
- e) den administrative prosjektstyringa v/ rådmannen fram til hausten 2008 ikkje var nok aktpågevendande og strukturert. Ein framtrudande konsekvens av dette forholdet var at forfattaren ikkje fekk naudsynt oppfølging, noko som igjen medførte mindre tid til produksjon.

Sluttkommentar: å få presentert ein godt disponert prosjektrapport, som sakleg beskriv ei 10 års lang prosjekthistorie konsentrert på 32 sider, er i seg sjølv matnyttig og lærerikt, og har klare overføringsverdiar til andre prosjekt og prosessar.

Med helsing



Lasse Larsson Fjørtoft  
rådmann

KOMREV3 IKS er eit interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgjeving. Det blir rapportert til den einskilde kommune sitt kontrollutval og kommunestyre/bystyre.

Hovudkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS  
Postboks 7734 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND  
Tlf. 70172150 – Fax 70172151 – E-post: [komrev3@komrev3.no](mailto:komrev3@komrev3.no)  
Org.nr. 971562587